

Eigenfråsegn om konsesjonsfridom i kommunar med nedsett konsesjonsgrense

Fastsett i medhald av forskrift 8. desember 2003 gitt i medhald av konsesjonslova av 28. november 2003 nr. 98 § 8

1. Meldinga skal leverast til kommunen der eigedomen ligg.
2. Kommunen kontrollerer at skjemaet er rett utfylt.
3. Eitt skjema for kvar ny eigar.

1. Namnet på tileignar/kjøpar (ny eigar)

Etternamn, for- og mellomnamn

Fødselsnr. (11 siffer)

Organisasjonsnr. (9 siffer) - berre for firma

Adresse

Postnr.

Poststad

E-postadresse

Telefonnummer

2. Eigedomen som tileigninga/kjøpet gjeld

Gnr.

Bnr.

Festenr.

Snr.

Andelsnr.

Eigarandel

Kommune

FRÅSEGN FRÅ NY EIGAR OM KONSESJONSFRIDOM

Du skal berre krysse i eitt av punkta 3 til 7. Punkt 3 til 6 gjeld type eigedomar etter konsesjonslova § 4 jf. § 7. Punkt 7 gjeld alle typar eigedom som overtas frå nær slekt etter konsesjonslova § 5. Dersom du overtar ein konsesjonsfri eigedom frå nær slekt, tilrår vi at du nyttar eit av punkta 3 til 6 i staden for punkt 7. Sjå rettleiinga.

Konsesjonsfridom på grunn av karakteren til eigedomen jf § 4 (og ev. § 7)

**Kommunen
stadfestar**

3. Bebygd areal, jf § 4 første ledd nr. 4:

☐ Eigedomen er bebygd, er ikkje større enn 100 dekar totalt, og har ikkje meir enn 35 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord.

☐

Kryss av eitt av punkta A, B eller C for å stadfeste at tileigninga/kjøpet er konsesjonsfri også etter regelen om nedsett konsesjonsgrense i § 7.

NB! Dersom eigedomen ligg i område regulert til bustadformål og har bygning som ikkje er tatt i bruk som heilårsbustad, inkludert eigedom med bygning under oppføring, må du krysse av pkt. B eller C.

☐ **A.** Eigedomen er bebygd og verken er eller har vore i bruk som heilårsbustad.

☐ **B.** Eigedomen skal nyttast til heilårsbustad.

☐ **C.** Eigedomen har bygning som ikkje er tatt i bruk som heilårsbustad, inkludert eigedom med bygning under oppføring, men kommunen har ikkje forskrift som gjeld denne type eigedom, jf § 7 første ledd nr 2.

☐

4. Ubebygd tomt til bustad, fritidshus eller naust, jf § 4 første ledd nr. 1:

☐ Tomta er ikkje større enn 2 dekar og er godkjent frådelt etter plan- og bygningslova og jordlova, eller treng ikkje slik godkjenning etter jordlova.

☐

5. Ubebygdt tomt til bustad eller fritidshus i område lagt ut til bebyggelse og anlegg, jf § 4 første ledd nr. 2:		☐
☐ Tomta ligg i område som i arealdelen til kommuneplanen eller reguleringsplan er lagt ut til bebyggelse og anlegg der tomteinndelinga er gjort eller godkjent av bygningsmyndighetene.		
Kryss av i pkt. A eller B for å stadfeste at tileigninga/kjøpet er konsesjonsfritt også etter regelen om nedsett konsesjonsgrense i § 7:		
☐	A. Kommunen har ikkje forskrift som gjeld ubebygdt tomt som er regulert til bustadformål, jf § 7 første ledd nr. 3, eller tomta ligg ikkje i område regulert til bustadformål.	☐
☐	B. Eigedomen skal nyttast som heilårsbustad.	

6. Andre ubebygde arealer jf § 4 første ledd nr. 3: (Areal som ikkje fell inn under pkt. 4 og 5)		☐
☐ Arealet ligg i område som i reguleringsplan er regulert til anna enn LNFR, eller som i arealdelen av kommuneplanen er lagt ut til bebyggelse og anlegg.		
☐ Eg er klar over at eit vilkår for konsesjonsfridommen er at eg ikkje gjer bruksendring i strid med plan.		

Konsesjonsfridom på grunn av slektskap/ekteskap/sambuarskap/svogerskap/uskifte § 5

Dersom konsesjonsfridommen for nær slekt er satt ut av kraft etter § 7 (sjå rettleiinga) må du fylle ut eit av punkta 3-6. Då gjeld ikkje pkt. 7.

7. Eg er i slekt med overdragar på denne måten:		☐
☐ Eg har tatt over eigedomen frå ektefelle, sambuar eller er i slekt med eigaren eller eigaren sin ektefelle/sambuar slik som nemnt i § 5 første ledd nr. 1. Eventuelt som arv eller i uskifte (sjå nærare i rettleiinga punkt 7). Eg er i slekt eller i svogerskap med overdragar på denne måten: Eg er overdrager sin: (fyll ut – eks. «dotter»)		
☐	Eg er klar over at konsesjonsfridommen føreset at overdragar har sitt konsesjonsforhold i orden.	☐
☐	Eg er klar over at det er eit vilkår for konsesjonsfridommen at overdragar har hatt tinglyst heimeil til eigedomen dei siste 5 åra før overdraginga.	

SIGNATUR

8. Ny eigar sin signatur og kjennskap til straffeansvar (må signerast personleg av den nye eigaren)	
☐ Eg er kjend med at det etter straffelova § 365 er straffbart å gi uriktig eigenfråsegn.	
Dato	Underskrifta til ny eigar
Dato	Underskrift frå verja (for umyndige må verja underskrive)

9. Kommunen stadfestar: (må alltid fyllast ut)		
☐ Overdraginga fører ikkje til deling av driftseining, jf. jordlova § 12 sjette ledd.		
☐ Relevante punkt over er stadfesta.		
Namnet på kommunen	Dato	Stempel og underskrift

Rettleiing LDIR-356 N

Denne eigenfråsegna skal brukast i kommunar med [nedsett konsesjonsgrense](#) ved tileigning/kjøp både av bebygd og ubebygd eigedom.

Nokre kommunar har forskrift om nedsett konsesjonsgrense berre for delar av kommunen. Om forskrifta ikkje gjeld for det geografiske området kor eigedomen ligg, skal du bruke eigenfråsegn LDIR-360 (grønt skjema).

Er eigedomen bebygd, er større enn 100 dekar eller har meir enn 35 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord, skal du også bruke grønt skjema. Dersom eigedomen er konsesjonspliktig skal skjema LDIR-359 nyttast.

Du kan kontakte kommunen for å avklare om forskrifta gjeld for din eigedom, eller om du treng hjelp til å fylle ut skjemaet. Det same gjeld om du treng hjelp til berekning av arealgrunnlaget. Du kan også sjekke dette på internett: <https://gardskart.nibio.no/>

Eigenfråsegna her skal kontrollerast og stadfestast av kommunen der eigedomen ligg. Deretter gjer kommunen ei digital overføring av opplysningane til Kartverket. Du får tilbakemelding frå kommunen om når du kan sende heimelsdokumentet (skøyte, festekontrakt eller liknande) til Kartverket for tinglysing.

[Konsesjonslova av 28. november 2003](#) fastset at alle tileigningar/kjøp av fast eigedom og stifting av bruksrett for lengre tid enn 10 år kjem inn under konsesjonsplikt med mindre det er gjort unntak i lova eller forskrifter som er fastsette i medhald av lova. Som tileigning/kjøp reknar ein også tileigning/kjøp av delar eller partar i ein eigedom.

Ei tileigning eller eit kjøp er eit uttrykk som blir brukt om alle måtar ein kan få ein eigedom på; kjøp, arv, gåve osv. Konsesjon er eit løyve frå staten. Den som blir ny eigar av eigedomen er tileignar/kjøpar. Overdragar er førre eigar.

Hovudregelen er at ein kan tileigne seg/kjøre bebygd eigedom som ikkje er større enn 100 dekar og heller ikkje har meir enn 35 dekar fulldyrka/overflatedyrka jord, utan konsesjon, jf konsesjonslova § 4 første ledd nr. 4. Det same gjeld mellom anna tomter regulert til bustadformål, jf konsesjonslova § 4 første ledd nr. 2. Overdraging frå nær familie er også unntatt frå konsesjonsplikt, jf konsesjonslova § 5 første ledd nr. 1.

Konsesjonsfridommen etter desse føresegnene kan settast ut av kraft ved forskrift, sjå pkt. 3, 5 og 7. Dette vil også gjelde leilegheiter som er omfatta av verkeområdet til forskrifta. Konsesjonsplikt etter forskrifta vil likevel ikkje oppstå om du stadfestar at eigedomen skal bli brukt som heilårsbustad, enten av deg sjølv eller nokon andre.

Dersom føresetnadene for konsesjonsfridom ikkje ligg føre, må du søke kommunen om konsesjon for tileigninga/kjøpet.

Til punkt 1

Dette punktet må alltid fyllast ut.

Er det fleire som tileignar seg/kjøper eigedomen saman, må kvar enkelt fylle ut sitt eige skjema.

Til punkt 2

Nemninga til eigedomen (gnr., bnr., festenr. eller liknande) og i kva kommune eigedomen ligg, må alltid fyllast ut. Om du tek over ein sameigedel, skal du føre inn kor stor del av eigedomen du tar over.

Til punkt 3

Før du fyller ut dette punktet må du finne ut kva slags forskrift kommunen har. Du kan enten kontakte kommunen, eller finne forskrifta via [kommuneoversikta](#).

Bruk dette punkt om du har tatt over ein bebygd eigedom som ikkje er større enn 100 dekar og heller ikkje har meir enn 35 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord. Kommunen må stadfeste at eigedomen ikkje overstig den konsesjonsfrie grensa.

Når kommunen har forskrift som set konsesjonsfridommen for bebygd eigedom som er eller har vore i bruk som heilårsbustad ut av kraft, kan du berre tileigne deg/kjøre eigedomen konsesjonsfritt om du forpliktar deg til at eigedomen skal bli brukt som heilårsbustad enten av deg sjølv eller andre. Du krysser då av i punkt B. Har eigedomen aldri vore i bruk som heilårsbustad, krysser du av i punkt A. Kommunen må då stadfeste at eigedomen aldri har vore i bruk som heilårsbustad, og derfor ikkje er omfatta av forskrifta.

Dersom eigedomen har bygning som ennå ikkje er tatt i bruk som bustad, til dømes bustad under oppføring, og kommunen har forskrift som set konsesjonsfridommen ut av kraft for slik eigedom, kan du berre tileigne deg/kjøre eigedomen konsesjonsfritt om du forpliktar deg til at eigedomen skal nyttast som heilårsbustad. Kravet om bruk som heilårsbustad kan oppfyllast av deg sjølv eller andre. Dersom tileigninga/kjøpet gjeld ein slik eigedom og kommunen ikkje har forskrift som omfatar slik eigedom etter konsesjonslova § 7 første ledd nr. 2, er tileigninga/kjøpet konsesjonsfritt. Du må då krysse i punkt C. Kommunen må stadfeste dette.

Det er eit vilkår for konsesjonsfridommen at du ikkje gjer bruksending i strid med plan.

Til punkt 4

Punkt 4 gjeld tomt som ikkje ligg i område som i arealdelen til kommuneplanen eller reguleringsplan er lagt ut til bebyggelse eller anlegg. Dette vil i hovudsak gjelde tomter som ligg i område som i arealdelen av kommuneplanen er lagt ut til landbruks-, natur- og friluftsområde inklusive reindrift (LNFR).

Med enkelt tomt er det meint ubebygd tomt som kan bli tomt for eitt hus med ei eller høgst to bueiningar.

Det er eit vilkår for konsesjonsfridommen at tomta ikkje er større enn 2 dekar og er godkjent fradelte etter plan- og bygningslova og jordlova eller ikkje treng slik godkjenning etter jordlova.

Til punkt 5

Punkt 5 gjeld tomt som i kommuneplan eller reguleringsplan er lagt ut til bebyggelse og anlegg og der tomteinndelinga er godkjent av bygningsmyndighetene. Denne konsesjonsfridommen kan bli sett ut av kraft dersom kommunen har forskrift som omfatar ubebygd tomt regulert til bustadformål, jf. § 7 første ledd nr. 3. Der kommunen har slik forskrift og den ubebygde tomta er regulert til bustadformål, kan du berre tileigne deg/kjøre eigedomen konsesjonsfritt ved å kvalifisere til å krysse av i punkt B. Ved oppføring av bustaden stadfester du då at eigedomen skal nyttast som heilårsbustad. Tileigninga/kjøpet av tomta er konsesjonsfri etter § 4 første ledd nr. 2 der forskrifta til kommunen ikkje gjeld ubebygd tomt regulert til bustadformål. For alle tilfelle er tileigninga/kjøpet konsesjonsfri dersom tomta ikkje ligg i område regulert til bustadformål. I desse tilfella kryssar du i punkt A. Kommunen må også stadfeste dette punktet.

Til punkt 6

Dersom du tileignar deg/ kjøper andre ubebygde arealer som ikkje fell inn under punkta 4 eller 5, kan tileigninga/kjøpet vere konsesjonsfritt etter § 4 første ledd nr. 3.

Du kan bruke dette alternativet dersom du har tatt over ubebygd areal som er regulert til anna enn landbruk, inklusive tomter til bustad- og fritidsformål som kan byggjast ut med meir enn to bueiningar. Unntaket gjeld vidare alt areal som i kommuneplan er lagt ut til bebyggelse og anlegg. Det er eit vilkår for konsesjonsfridommen at du ikkje gjer bruksending i strid med plan.

Kommunen må stadfeste at tileigninga/kjøpet er konsesjonsfritt.

Til punkt 7

Før du fyller ut dette punktet, må du forvise deg om at konsesjonsfridommen for nær slekt ikkje er sett ut av kraft. Du kan enten kontakte kommunen eller finne forskrifta via [kommuneoversikta](#).

Er konsesjonsfridommen for nær slekt satt ut av kraft, kan du ikkje bruke punkt 7. For at tileigninga/kjøpet skal vere konsesjonsfritt, må eitt av punkta 3-6 passe for deg.

Du kan nytte dette punktet dersom du tar over ein eigedom frå nær slekt. Alternativet gjeld både bebygd eller ubebygd eigedom.

Dersom eigedomen er konsesjonsfri etter sin karakter, for eksempel etter punkt 3 alternativ A eller C, tilrår vi bruk av denne konsesjonsfridomsgrunnen sjølv om du tar over frå nær slekt. Dette heng saman med at overdraging frå nær slekt blant anna har vilkår om at overdragar har sitt konsesjonsforhold i orden, noko punkta 3-6 ikkje har.

Nær slekt

Det blir rekna som nær slekt dersom du er ektefelle av eigaren eller er i slektskap med eigaren eller ektefelle av eigaren i rett opp- eller nedstigande linje eller i eigaren sin eller ektefellen til eigaren sin første sidelinje til og med barn av sysken (nevø/niese) eller er i svogerskap med eigar i rett oppstigande linje. Slektskapsunntaket gjeld også ved skifte av felleseie etter separasjon/skilsmisse og ved arv. Sjå lenkene for nærare illustrasjon.

[Kven kan eg tileigne meg eller kjøpe konsesjonsfritt frå?](#)

[Kven kan eg overdra konsesjonsfritt til?](#)

Føresegnene gjeld tilsvarande for sambuarar i ekteskapslignande forhold jf. [arvelova § 28 a](#) og deira nære slekt.

Du må stadfeste at du har tatt over eigedomen frå nær slekt og på kva måte de er i slekt.

Overdragar har sitt konsesjonsforhold i orden

Dersom overdragar ikkje har sitt konsesjonsforhold i orden, ved at han til dømes ikkje har oppfylt buplikta på eigedomen, må du søke konsesjon på skjema LDIR-359.

Overdragar har hatt tinglyst heimel til eigedomen dei siste 5 åra før overdraginga

Dersom kommunen har forskrift om nedsett konsesjonsgrense og di tileigning eller ditt kjøp gjeld slik eigedom, er tileigninga/kjøpet konsesjonsfritt berre når ein eller fleire av tidlegare eigarar i nær slekt samanlagt har hatt tinglyst heimel til eigedomen dei siste 5 åra. Døyr tidlegare eigar før 5 årsfristen er ute, gjeld konsesjonsfridommen på grunn av slektskap fullt ut. Kommunen må stadfeste under punkt 7 at overdragar har hatt tinglyst heimel til eigedomen i minst 5 år.

Til punkt 8

Du må som ny eigar sjølv underskrive fråsegna, og du kan ikkje bruke fullmektig. For umyndige personar – personar under 18 år eller umyndiggjorte – må verja skrive under. Om du gir uriktig fråsegn, kan du bli pålagt å gjere om tileigninga eller selje eigedomen til nokon som kan få konsesjon eller ikkje treng konsesjon. Om du oversit fristen, kan eigedomen seljast utan varsel etter reglene om tvangssal.

Sjå [konsesjonlova § 18](#)

Til punkt 9

Dette punktet skal kommunen fylle ut

Kommunen skal alltid undersøke om tileigninga/kjøpet fører til ulovleg deling av driftseining, jf jordlova § 12 sjette ledd. Kommunen må vidare stadfeste at tileigninga/kjøpet er konsesjonsfritt etter den aktuelle konsesjonsfridomsgrunnen.